

GLITRE NETT AS
Postboks 7007
3007 DRAMMEN

Vår dato: 26.03.2025

Vår ref.: 202411592-25 Oppgje ved henvendelse

Dykkar ref.: Rev. 01 November 2024

Vedtak – Godkjenning av detaljplan for 110(132) kV Kulia-Leire – Glitre Nett AS.

1. Vedtak om godkjenning

1.1. Vedtak og vilkår

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknaden frå dykk om godkjenning av detaljplan for 110(132) kV Kulia-Leire.¹

NVE godkjenner detaljplanen datert 01. november 2024 for å byggje, drifte og vedlikehalde ein ca. 15,7 km lang enkeltkurs kraftleidning med nominell spenning 110(132) kV mellom Kulia transformatorstasjon og Leire transformatorstasjon i Kristiansand kommune, Agder fylke. Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 22. april 2024, post nr. 10.² Det er konsesjonær sitt ansvar at detaljplanen er i samsvar med vilkår og forutsetningar gjevne i konsesjonen, og at anleggsarbeidet mv. gjennomførast slik det er beskrive i detaljplanen.

Detaljplanen kan ikkje fråvikast utan avklaring frå NVE. Dersom den vidare planlegginga og gjennomføringa viser at andre løysingar enn dei som er beskrivne i detaljplanen kan redusere ulempene utbygginga medfører, ber me dykk om å ta kontakt med oss slik at me kan behandle endringane; sjå også NVE sine nettsider for informasjon om [søknad om endring av detaljplan](#).

Godkjenninga vert gjeven på følgjande vilkår:

Før anleggsperioden

- De skal orientere NVE, råka kommunar, grunneigarar og rettshavarar om datoen for oppstart.
- De skal gjere entreprenørar og eventuelle underentreprenørar, konsulentar og andre som planlegg og bygg anlegget på vegne av konsesjonær kjent med detaljplanen og dette vedtaket.

¹ NVE-ref.: 202411592-29.

² NVE-ref.: 202210007-62.



- De skal i forkant av anleggsarbeida sende NVE ei oppdatert vurdering for nye registreringar av verdsette naturtypar og artar sidan februar 2022 som kan kome i konflikt med tiltaket og kor vidt det er behov for avbøtande tiltak. De treng ikkje inkludere naturtypar og artar allereie omtala i detaljplanen sitt kapittel 4.3 om de vurderer det som står der tilstrekkeleg.
- De skal i forkant av arbeida med å rive eksisterande anlegg (110 kV Kulia-Leire) dokumentere til NVE at tiltaket kan gjennomførast med tilfredsstillande tryggleik mot områdeskred (kvikkleire) ved Lunde og innføringa til Leire transformatorstasjon, utan å auke faren for tredjepart.

Undervegs i anleggsarbeidet

- De skal i samråd med arborist utarbeide ein detaljert plan for anleggsarbeida ved alle hole eiker som vert råka av tiltaket. I utarbeidinga av planen skal de for kvar hole eik vurdere justering av mastepunkt for å auke avstanden til eika. Kvisting kan vurderast som eit alternativ dersom fullstending omgåing av eika ikkje er mogleg. I anleggsfasen må det etablerast ei omsynssone rundt eika og denne skal merkast med gjerde eller liknande. Planen for varetaking av hole eiker skal sendast til NVE innan de startar på anleggsarbeida i dei områda kor det førekjem hole eiker.
- De skal tilbakeføre alle mellombels opprusta vegar.
- De skal nytte eit materiale som ikkje forvitrar for fysisk merking av kulturminne.
- NVE kan seinare stille krav om at de detaljerer prosjektet ytterlegare og dokumenterer bygging, drift og vedlikehald ved heile eller delar av anlegget, og at slik dokumentasjon skal godkjennast av NVE før arbeida settast i gang.
- De skal til ei kvar tid ha oppdaterte kart som kan leggjast fram for NVE dersom me ber om det.

Generelt

- Dersom de avdekker uønskte hendingar som har skada eller kan skade miljøet betydeleg, skal de rapportere det til NVE. Opplys om kva for tiltak som er eller vil bli iverksette for å rette opp skadar og hindre gjentaking.

1.2. Moglegheit til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå informasjon om retten til å klage på siste side.

1.3. De skal orientere grunneigarar og rettshavarar

Me ber dykk om å sende vedlagte orienteringsbrev til råka grunneigarar og rettshavarar så snart som mogleg. Dette vedtaket skal leggjast ved orienteringsbrevet. NVE ber dykk sende ei stadfesting på at orientering er sendt til nve@nve.no.



2. Forhold Glitre Nett AS må være merksam på

2.1. Forholdet til plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova gjeld ikkje sidan anlegget har konsesjon etter energilova.³ De treng derfor ikkje å søke dispensasjon frå gjeldande kommunale arealplanar eller kommunal byggjesaksbehandling.

NVE skal orienterast dersom områder som er godkjende av NVE til mellombels arealbruk vert omgjort til permanent arealbruk i medhald av anna lovverk. NVE skal sendast kopi av søknader og eventuelle løyve.

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kommunen kartdata i egna kartformat med alle fysiske anlegg, slik at det offentlege kartverket kan oppdaterast. Kravet står i byggjesaksforskrifta (SAK 10).⁴

2.2. Anlegget er omfatta av kraftberedskapsforskrifta

Anlegget er omfatta av kraftberedskapsforskrifta.⁵ NVE har i denne godkjenninga ikkje vurdert om tiltaket tilfredsstiller krava i forskrifta.

2.3. Løyve de treng etter anna lovverk

I tillegg til denne godkjenninga av detaljplanen må de sørge for å skaffe dykk naudsynte privatrettslege rettigheitar før anleggsarbeida startar.

Glitre Nett AS er også ansvarleg for å innhente naudsynte løyve etter anna lovverk.

NVE minner om at det er kommunen som er myndigheit ved bygging eller graving i forureina grunn. Det er kommunen som eventuelt sett krav til arbeidet og skal godkjenne tiltaksplanen for forureina grunn.

3. Bakgrunn

Den 08. november 2023 fekk Glitre Nett AS konsesjon frå NVE for å byggje ein ca. 15,7 kilometer lang 110 (132) kV kraftleidning mellom Kulia transformatorstasjon og Leire transformatorstasjon. Leidningen vert bygd for nominell spenning 132 kV, men vil verte driven på 110 kV inntil regionalnettet i området spenningsoppgraderast. Bakgrunnen for bygginga av kraftleidningen er å erstatte dagens 110 kV leidning bygd med tremaster.

Konsesjonsvedtaket vart klaga på til Energidepartementet (ED). ED fatta vedtak i klagesaka 22. april 2024. Klager vart til dels tekne til følgje, og ED sette nye vilkår om omsyn til fugl og skjerming av en fritidsbustad. NVE oppdaterte konsesjonen med de nye vilkåra den 22.april 2024.

³ [Plan- og bygningslova § 1-3](#) (lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling).

⁴ [Byggesaksforskrifta \(SAK 10\) § 4-3](#) siste ledd (forskrift 26. mars 2010 nr. 488 om byggesak).

⁵ [Kraftberedskapsforskriften](#) (forskrift 7. desember 2012 nr. 1157 om sikkerheit og beredskap i kraftforsyninga).



Glitre Nett AS foreslår følgjande endringar frå anleggskonsesjonen av 22. april 2024: traséendringar i form av sideforskyving på opp til 15 meter ved Lauvåsen, Kvislevann, og nordaust for Tangvallkrysset. Endringane er gjort høvesvis med omsyn til naturmangfald, grunneigarynskje og naturfare, og råkar ingen nye eigedommar.



Figur 1. Utsnitt oversiktskart frå detaljplan 110 (132) kV Kulia-Leire. Versjon: Rev. 01 November 2024. Blå strek konsesjonsgitt trasé for ny 132 kV leidning. Grøn strek eksisterande 110 kV leidning.

4. Høyring og innkomne merknader

4.1. Detaljplanen har vore på høyring

I anleggskonsesjonen er det i vilkår av post nr. 10 sett krav om at «Glitre Nett AS skal utarbeide planen i kontakt med berørt kommune, grunneiere og andre rettighetshavere».

I detaljplanen er det opplyst at Kristiansand kommune, Agder fylkeskommune, Statsforvaltaren i Agder, Nye Veier, grunneigarar og rettshavarar har vore involvert i arbeidet med utforming av detaljplanen ved kontakt, møter og korrespondansar.

NVE sendte detaljplanen for 110(132) kV Kulia-Leire på høyring 22. august 2024 til høyringsinstansane: Kristiansand kommune, Statsforvaltaren i Agder, Agder fylkeskommune, Mattilsynet, Statens vegvesen, IK Våg/Løypeutvalget, grunneigarar og rettshavarar. Fristen for å kome med høyringsfråsegn til detaljplanen var 12. september 2024.

4.2. Innspel til detaljplanen

NVE har motteke 11 høyringsfråsegn til detaljplanen. Innspela er førelagd Glitre Nett AS, som har kommentert desse i eit brev datert 16. oktober 2024.⁶ Tabell 1 gjer ein kortfatta presentasjon av innspela og kva NVE reknar for å vera hovudtema i kvart enkelt

⁶ NVE-ref.: 202411592-28



høyringsfråsegn. Forhold i innspel og konsesjonærens kommentarar som NVE meiner er relevante for behandlinga av detaljplanen er nærmare omtala i kapittel 6. Dei fullstendige høyringsfråsegna med kommentarar frå Glitre Nett er tilgjengelege gjennom [elnnsyn](#).

Tabell 1. Innkomne høyringsfråsegn og hovudtema for innspel

Høyringspart	Dato	Hovudtema innspel
Øyvind Bergstøl	03.09.2024	Drikkevassskjelde, køyreskadar i terreng, og istandsetting.
Audun Aas	04.09.2024	Ingen innspel.
Nye Veier AS	09.09.2024	Ingen innspel.
Einar Lægreid	06.09.2024	Kulturmiljø og omsynssone.
I K Våg/ Løypeutvalget	10.09.2024	Friluftsliv, fugl, veger, og masteplassering.
Roar Tønnessen	10.09.2024	Traktorveg.
Helge Krüger og Jorun Camilla Krüger	12.09.2024	Verdiforringing.
Statsbygg	12.09.2024	Omsyn til eigedom i byggefase.
Statsforvaltaren i Agder	12.09.2024	Landbruk, hogst, og naturmangfald, her under naturtypar, fugl, framande artar, myr, og kantvegetasjon.
Kristiansand kommune	18.09.2024	Riggplassar, trafikkssikkerheit, transport, hogst, og ROS.
Agder fylkeskommune	02.10.2024	Trafikkssikkerheit, riggplassar, mellombels åtkomst / avkøyning offentlig veg.

5. NVE sine vurderingar av endringar frå konsesjonen

Detaljplanen beskriv tre endringar frå konsesjonsgjeven trasé. Glitre Nett AS skriv at ingen nye eigedomar vert råka av desse tre endringane.

Ved Lauvåsen er det føreslege å flytte mastepunkt nr. 8 om lag 50 meter sør frå opphavleg tenkt punkt for vinkling av traséen. Endringa medfører ei særleg sideforskyving av traséen på opp til 15 meter. Glitre Nett AS skriv at dette aukar traséhøgda over to lokalitetar med stor forvaltningsverdi og dermed redusere ryddebehovet. Dette er i samsvar med krav av anleggskonsesjonen om å sjå på moglegheiter for å unngå hogst innanfor lokalitetane. Dei to lokalitetane består høvesvis av gamal, fattig edellauvskog og gamal lågurtospeskog.



Ved Kvislevann er det foreslege å flytte mastepunkt nr. 16 slik at traséen får ei nord-austleg sideforskyving på opp til 15 meter frå konsesjonsgjeven trasé. Glitre Nett AS skriv at dette vil sikre ein vegetasjonsskjerm mellom kraftleidningen og ein fritidsbustad sør for mastepunktet, og sørge for liten grad av innsyn mot masta. Glitre nett skriv vidare at løysinga er basert på ynskje frå og i samråd med eigar av nemnde fritidsbustad.

Nord-aust for Tangvallkrysset er det foreslege å flytte leidningstraséen opp til om lag 15 meter sørover for å unngå at ein kjem for tett på ein fjellskrent. Dette inneber ei sørleg flytting av mastepunkt nr. 45-48. Glitre Nett AS skriv at leidningen framleis vil verte liggjande på same høgdedrag i terrenget.

NVE vurderer at endringane frå konsesjon ikkje er av ein slik størrelse at det er nødvendig med endring av konsesjon for å gjennomføre tiltaka. Endringane blir behandla som del av søknad om godkjenning av detaljplan.

6. NVE sine vurderingar av detaljplanen

6.1. Kva vurderer NVE?

Føremålet med ein detaljplan er å sikre at de som konsesjonær tek omsyn til miljø og landskap når anlegget byggjast og driftast. I vår behandling kontrollerer me at detaljplanen oppfyller aktuelle vilkår i konsesjonen. Me vurderer og kommenterer også andre tema og forhold der konsesjonær eller høyringspartnar ynskjer avklaring frå NVE. Forhold som NVE meiner vert beskrivne på ein god måte i detaljplanen, og som det ikkje er kome innspel til i høyringa, vert ikkje vurdert nærmare.

Nedanfor presenterer me fyrst våre vurderingar knytt til avbøtande tiltak i anleggs- og/eller driftsperioden, og deretter resterande aktuelle tema.

6.2. Avbøtande tiltak i anleggs- og driftsperioden

I anleggskonsesjonens post nr. 10 om detaljplan er det sett krav om at planen særskild skal beskrive og drøfte ei rekke ulike forhold. NVE vil i det følgjande gå gjennom desse.

6.2.1. Varetaking av kantvegetasjon

I post nr. 10 av konsesjonen er det sett vilkår om å særskild beskrive og drøfte:

I hvilken grad kantvegetasjonen langs Songdalselva/Søgneelva og Lundeelva blir berørt av tiltaket.

Glitre Nett AS skriv i detaljplanen sitt kapittel 4.5.3 at kryssingspunktet for Songdalselva/Søgneelva (maste nr. 43-44) reknast som eit 0-belte og at det ikkje vil vera naudsynt med fjerning av kantvegetasjon for denne strekninga.

Begrepet 0-belte viser til området kor ein har vurdert det dit hen at skogen kan stå att under kraftleidningen. Kriteriet for 0-belte oppgjeven av Glitre Nett AS er at maksimal høgde for ståande skog er minimum 4 meter mellom det høgste treet og linene.

NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår om å beskrive og drøfte varetaking av kantvegetasjon.



6.2.2. Plassering av riggplassar

I konsesjonens post nr. 10 er det sett vilkår om å særskild beskrive og drøfte:

Hvor riggplassene i anleggsfasen skal etableres.

Glitre Nett AS skriv i detaljplanen sitt kapittel 5.2 og vedlegg 2 riggplassoversikt rev 01 om plassering og bruk av riggplassar. Plassering av riggplassar er stadfesta i detaljplanen sitt vedlegg 1 arealbrukskart. NVE legg til grunn at de følg prinsippa i [NVE sin rettleiar for terrengbehandling](#) ved opparbeiding og istandsetjing av riggplassar. Me minner om at riggplassar som hovudregel er mellombels arealbruk og skal tilbakeførast til det opphavlege innan anleggsarbeida avsluttast.

Fleire høyringspartar har sendt inn fråsegn med innspel på plassering og bruk av riggplassar. NVE vurderer at Glitre Nett AS har svara ut med omsyn til friluftsliv, kulturminne, jordbruk og annan verksemd⁷. Glitre Nett oppgjer i sin kommentar til Kristiansand kommune sitt høyringsfråsegn at riggplass 42 er teken ut frå detaljplanen. NVE noterer at detaljplanen sitt vedlegg 1 arealbrukskart er tilsvarande oppdatert, men at riggplass 42 framleis er oppgjeven i detaljplanen sitt vedlegg 2 riggplassoversikt rev 01. NVE legg til grunn for godkjenninga av detaljplanen at riggplass 42 er teken ut av detaljplanen.

NVE viser til at Kristiansand kommune og Agder fylkeskommune har gitt innspel på trafikktryggleiken. Me minner om at det er Glitre Nett AS sitt ansvar at trafikktryggleiken vert vareteken. NVE legg til grunn at Glitre Nett AS i dialog med rette vegmyndigheiter avklarar før anleggsarbeida startar kva for tiltak som er naudsynte for å vareta trafikktryggleiken.

6.2.3. Plassering av mastepunkt

I konsesjonens post nr. 10 er det sett vilkår om å særskild beskrive og drøfte:

Plassering av mastepunkter for å begrense påvirkning på verdifulle naturtypelokaliteter.

Glitre Nett AS skriv gjennomgåande i detaljplanen om plassering av master, mellom anna i kapittel 4.3.1, 4.3.5, 5.1.4 og 6.8.1. Plassering og høgde for master er beskrive og drøfta med omsyn til å vareta verdfulle naturtypelokalitetar.

Vidare er det i konsesjonens post. nr. 12 er det sett følgjande vilkår som angår plassering av mastepunkt:

Det skal ikke plasseres mastepunkter på elvesletten langs Songdalselva.
Mastepunkter skal i størst mulig grad plasseres utenfor jordbruksareal og myr.

Glitre Nett AS viser til detaljplanen sitt vedlegg 1 arealbrukskart for varetaking av vilkår om at det ikkje skal plasserast mastepunkt på elvesletta langs Songdalselva. I detaljplanens kapittel 2.1 skriv de at det ikkje skal kome nokre mastepunkt i myr. Vidare skriv de i detaljplanens kapittel 4.6 at det er vektlagd å unngå verknader på landbruk i den grad

⁷ NVE-ref.: 202411592-28



dette har vore mogleg, men at ny leidning vil føre til bygging av tre master på fulldyrka mark (M62, M63 og M64). NVE legg dette til grunn.

Statsforvaltaren i Agder, Allianseidrettslaget I K Våg Løypeutvalget, og ein grunneigar av ein fritidsbustad har sendt inn høyringsfråsegn med innspel på plassering av mastepunkt. Innspela gjeld hovudsakleg omsyn til naturmangfald, friluftsliv, skogbruk og verdiforringing av fritidsbustad. NVE vurderer at Glitre Nett AS har svara ut dette.

NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår som gjeld plassering av mastepunkt.

6.2.4. Avgrensing av hogst i utvalde naturtypelokalitetar

I konsesjonens post nr. 10 er det sett vilkår om å særskild beskrive og drøfte:

I hvilken grad hogst for ledningstraseen kan unngås innenfor naturtypelokalitetene «Lauvåsen øst 1» og «Lauvåsen øst 2». Dersom det ikkje kan unngås, skal det vurderes tiltak for å begrense de negative virkningene. Dersom det blir nødvendig å hogge større/eldre trær innenfor lokaliteten, skal disse legges igjen som dødved.

Glitre Nett AS skriv i detaljplanens kapittel 3.1 at dei kan redusera ryddebehovet i naturtypelokalitetane ved Lauvåsen ved å flytte mastepunktet for vinkling av traséen om lag 50 meter sør. Dette vil ta mastepunktet nærmare sjølve naturtypelokalitetane, men samstundes gje ei større høgde over skogen.

Statsforvaltaren i Agder roser i sitt høyringsinnspel Glitre Nett AS for å sjå på moglegheita for å skåne naturtypane ved Lauvåsen ved traséomlegging. Vidare etterspør Statsforvaltaren i Agder ei utgreiing av kva Glitre Nett AS legg i omgrepet «selektiv hogst». I detaljplanens kapittel 6.8.1 tydeleggjer Glitre Nett AS kva dei legg i omgrepet «selektiv hogst» og praksis for bruk av dette. NVE vurderer at Glitre Nett AS har tilfredsstillande svara ut og vareteke Statsforvaltaren i Agder sine innspel om hogst i utvalde naturtypar.

NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår om å beskrive og drøfte avgrensing av hogst i utvalde naturtypelokalitetar.

6.2.5. Varetaking av sårbare fugleartar

I konsesjonens post nr. 10 er det sett vilkår om å særskild beskrive og drøfte:

En plan for hvordan anleggsarbeidene, herunder transport til fots og flyvning med helikopter eller drone, skal gjennomføres uten å forstyrre hekkende vandrefalk og hønsehauk. Planen skal legges til grunn for anleggsarbeid innenfor 500 meters avstand fra aktive reirlokalteter for begge arter. For flyvning med helikopter eller drone skal planen legges til grunn innenfor én km avstand fra aktive vandrefalkreir, og 500 meter fra aktive hønsehaukreir. Planen skal også beskrive hvordan vedlikeholds- og skjøtselsarbeid i driftsfasen skal gjennomføres for å ivareta hensynet til hekkende vandrefalk og hønsehauk. I områder hvor anleggsarbeid skal utføres innenfor anbefalte minimumsavstandar rundt reirlokalteter for vandrefalk og hønsehauk, skal det undersøkes om det er aktivitet på eller ved lokalitetene. Informasjon skal innhentes fra Statsforvaltaren og lokale ornitologer. Der hekkestatus er usikker, skal det gjennomføres undersøkelser i felt.



Glitre Nett AS gjer i detaljplanen sitt kapittel 4.3.3 greie for korleis krav av anleggskonsesjonen om varetaking av hekkande vandrefalk og hønehauk skal overhaldast i anleggs- og driftsfasen; sjå også kapittel 6.8.1 og 7.1 i detaljplanen.

Glitre Nett AS skriv i detaljplanen sitt kapittel 4.3.3.2 at køyring langs opparbeida veger og ferdsel til fots langs stiar, ikkje vil skilje seg frå vanleg førekomande aktivitet i delar av planområdet prega av friluftsliv og aktivt skogbruk. De vurderer med dette at transport og ferdsel kan tillatast innanfor omsynssona på 500 meter for hekkande vandrefalk og hønehauk. NVE legg til grunn at transport og ferdsel innanfor omsynssoner for vandrefalk og hønehauk berre skal førekome langs allereie opparbeida veger og stiar kor det allereie førekjem tilsvarande aktivitetsnivå.

I detaljplanen skriv de vidare at informasjon knytt til aktive reir vil verte oppdatert for dei åra kor det planleggjast for større vedlikehaldsoppgåver i område innanfor omsynssonar for hønehauk og vandrefalk. NVE minner om vilkåret av post nr. 10 i anleggskonsesjonen om at det i forkant av alt anleggsarbeid innanfor omsynssonar for vandrefalk og hønehauk skal undersøkast om det er aktivitet ved reirlokaltetar. Krav av konsesjon og detaljplan er gjeldande for kva som er tillate. NVE legg til grunn at miljøansvarleg i Glitre Nett AS følg dette i sine vurderingar for både anleggs- og driftsfasen.

Vidare er det i konsesjonens post. nr. 15 er det sett følgjande vilkår som angår varetaking av sårbare fugleartar:

Av hensyn til hekkende åkerrikse, skal det ikkje gjennomførers anleggsarbeid eller annen aktivitet som kan true åkerrikse på dyrket mark ved Lunde i perioden 15. mai – 31. juli.

Detaljplanen skal beskrive hvordan hensynet til vern av åkerrikse ivaretas i driftsfasen, herunder hvordan vanlig vedlikeholds- og skjøtselsarbeid skal gjennomføres.

Glitre Nett AS skriv i detaljplanen sitt kapittel 4.3.3.2 og 6.8.1 om varetaking av åkerrikse i anleggs- og driftsfase. NVE legg til grunn at miljøansvarleg i Glitre Nett AS har oppdatert informasjon om åkerrikse i området, og at det ikkje vert utført anleggsarbeid eller aktivitetar som kan true åkerrikse på dyrka mark ved Lunde i perioden 15. mai til 31. juli.

Glitre Nett AS skriv i detaljplanen sitt kapittel 4.3.3 at det er bedd om ein oppdatert kunnskapsstatus for vandrefalk, hønehauk og åkerrikse i planområdet frå Statsforvaltaren i Agder og Norsk ornitologisk forening sitt lokallag. I tillegg er det gjennomført ei kartlegging av hekkeaktivitet for hønehauk, vandrefalk og åkerrikse i løpet av sommaren 2024. Dette vil utgjere eit grunnlag for å utarbeide restriksjonskart tilpassa terreng og eksisterande infrastruktur. I detaljplanen er det gjort greie for korleis andre variablar som ikkje er knytt til energianlegget kan påverke i kva for ein grad transport og anleggsarbeid vil kunne påverke hekking, til dømes terrengforhold.

Statsforvaltaren i Agder etterspør i sitt høyringsfråsegn endelege krav om forbod mot støyande anleggsarbeid innanfor restriksjonsrområder i perioden februar til juli, ei utgreiing for bakgrunnen for utstrekninga av omsynssonene for sårbare fugleartar, samt kva som er innhenta av supplerande kartleggingsdata i 2024 og nytta metode. Glitre Nett



AS skriv i detaljplanen sitt kapittel 4.3.3.2 at det er krevjande å få oversikt over aktive reir same sesong som anleggsarbeidet skal gå føre seg. For å vareta krav i byggefasen har Glitre Nett AS oppdatert ordlyden i detaljplanen til at entreprenør skal «planlegge sine arbeider slik at det ikke skal foregå støyende anleggsarbeid innenfor restriksjonsområdet i perioden februar-juli. Det skal heller ikke legges opp til flyvning med helikopter/drone innenfor restriksjonsområdet». Glitre Nett AS skriv i sine kommentarar til Statsforvaltaren i Agder sitt høyringsfråsegn at avgrensing av omsynsområde er gjort av ornitolog og med bakgrunn i faglitteratur og data om artar unnateke offentlegheita. Det er teke omsyn til topografi, busetnadar og infrastruktur ved utarbeiding av omsynsområda. Om feltundersøkingar for sårbare fugleartar skriv Glitre Nett AS at desse er utførte for 2024, og at det vil gjentakast kvart år i anleggsfasen. Resultata frå feltregistreringar, inkludert nytta metode, er unnateke offentlegheita.

Statsforvaltaren i Agder tek opp at det i anleggskonsesjonen ikkje er sett vilkår med spesifikke krav med omsyn til storfugl og kvitryggspett. Det vert etterspurt ein plan for å beskytte storfugl og kvitryggspett i tråd med miljøomsyn, med særleg omsyn til spelplassar for storfugl og hekkeområde for kvitryggspett. Statsforvaltaren påpeikar vidare at kvitryggspett er kategorisert av Miljødirektoratet som ein art med «særleg stor forvaltingsinteresse», og at denne arten gjer grunnlag for innsigelse etter rundskriv [T-2/16](#).

I detaljplanens kapittel 4.3.3.3 skriv Glitre Nett AS at førstegongsrydding/hogst skal unngåast i perioden 15. april til 31. juli innanfor funksjonsområdet til kvitryggspett (lokalitet N4, sjå detaljplanens vedlegg 1 arealbrukskart). Innanfor funksjonsområde for kvitryggspett skal grove ospetre som førekjem i ryddegata toppast og rundbarkast slik at dei kan stå att som eigna hekketre. For storfugl skal terrengkøyning og vegetasjonsrydding søkast unngått i perioden 15. mars til 31. mai (lokalitet N5, N6 og N7).

NVE legg til grunn Glitre Nett AS sine kommentarar⁸ og vurderer at Glitre Nett AS har svara ut Statsforvaltaren i Agder sine innspel om varetaking av sårbare fugleartar.

NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår som gjeld varetaking av sårbare fugleartar.

6.2.6. Framande artar

I konsesjonens post nr. 10 er det sett vilkår om å særskild beskrive og drøfte:

Forekomst og håndtering av fremmede plantearter i området som det er risiko å spre ved massehåndtering eller annet anleggsarbeid, og som ved spredning kan medføre en risiko for skade på naturmangfoldet. Forekomster skal kartlegges på bakgrunn av foreliggende informasjon supplert med kartlegging i felt i områder hvor det er potensiale for slike arter. Detaljplanen skal beskrive ev. funn og hvordan anleggsarbeidet skal gjennomføres slik at risiko for skade på naturmangfoldet forebygges.

Glitre Nett AS skriv i detaljplanens kapittel 4.3.4 at det ved kartlegging av framande artar vart påvist hagelupin og vinterkarse i anleggsområdet. Hagelupin er vurdert til å ha stor

⁸ NVE-ref.: 202411592-28



spreiingsrisiko (SE). Det naudsynt med tiltak for å hindre spreiring i anleggsområda kor hagelupin førekjem; sjå detaljplanens vedlegg 1 arealbrukskart.

Statsforvaltaren i Agder etterspør i sitt høyringsfråsegn ein tiltaksplan for handtering av framande artar. Glitre Nett AS skriv i detaljplanens kapittel 6.8.1 om tiltak for å hindre spreiring av framande artar, blant anna at anleggsarbeida skal utførast etter prinsippa i Miljødirektoratets rettleiar frå 2018 «[Håndtering av løsmasser med fremmede skadelige plantearter og forsvarlig kompostering av planteavfall med fremmede skadelige plantearter](#)». NVE vurderer at Glitre Nett AS har svara ut Statsforvaltaren i Agder sine innspel om framande artar.

NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår om å beskrive og drøfte handtering av framande artar. NVE legg til grunn at Glitre Nett AS, i samsvar med forskrift om framande organismar § 24⁹, utarbeider ein tiltaksplan for å hindre spreiring av framande artar. Tiltaksplanen skal inngå i IK-energi.

6.2.7. Hole eiker

I konsesjonens post nr. 10 er det sett vilkår om å særskild beskrive og drøfte:

Det skal utarbeides en detaljert plan for anleggsarbeidet rundt den hule eika ved Monan, og planen må utarbeides i samråd med arborist. Konsesjonæren skal i utarbeidelse av planen vurdere justering av mastepunkter for å øke avstanden til eika. Beskjæring kan vurderes som et alternativ dersom fullstendig unngåelse ikke er mulig. I anleggsfasen må etableres en hensynssone rundt eika, som markeres med gjerde eller lignende. Planen skal inngå som en del av detaljplanen.

Glitre Nett AS skriv i detaljplanens kapittel 4.3.1 at den hule eika ved Monan ikkje vil verte råka av anleggsarbeida (lokalitet N3, sjå detaljplanens vedlegg 1 arealbrukskart). Eika skal merkast i terrenget og skal ikkje skadast av anleggsverksemda, sjå også kapittel 6.8.1 i detaljplanen. NVE legg dette til grunn.

NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår om å beskrive og drøfte varetaking av den hule eika ved Monan. NVE konstaterer at det også er andre hole eiker i tiltaksområdet som er framkomne av kartleggingar sidan søknad om anleggskonsesjon av 13. mai 2022, til dømes ved Grundetjønnehaia.

NVE sett derfor vilkår om at Glitre Nett AS for alle hole eiker som vert råka av tiltaket skal utarbeide ein detaljert plan for anleggsarbeida i samråd med arborist. I utarbeidinga av planen skal de for kvar hole eik vurdere justering av mastepunkt for å auke avstanden til eika. Kvisting kan vurderast som eit alternativ dersom fullstendig omgåing av eika ikkje er mogleg. I anleggsfasen må det etablerast ei omsynssone rundt eika og denne skal merkast med gjerde eller liknande. Planen for varetaking av hole eiker skal sendast til NVE innan de startar på anleggsarbeida i dei områda kor det førekjem hole eiker.

⁹ [Forskrift 19. juni 2015 nr. 716 om fremmede organismer § 24.](#)



6.3. Detaljplanlegging av arealbruk

NVE legg til grunn for godkjenninga av detaljplanen at de for alt anleggsarbeid nyttar prinsippa i NVE sin rettleiar for terrengbehandling, og at alle mellombelse anleggsområde vert tilbakeført til det opphavlege innan avslutning av anleggsarbeida.

6.3.1. Terrengbehandling

Det er viktig å førebyggje terrengskadar i områder med dårleg bereevne og slitestyrke. Kva for avbøtande tiltak som bør brukast kjem an på område og typen køyretøy. Til dømes må de passe på at det ikkje oppstår erosjon ved etablering av køyrespor i sidebratt terreng eller ved kryssing av vassdrag og mindre bekker. Generelt er det ein fordel om terrengtransport går føre seg på frosen mark for å minimera risiko for terrengskadar. På telefri mark er det ein fordel å nytte beltegåande køyretøy med lågt marktrykk.

Glitre Nett AS har søkt om korridorar for køyrespor, sjå kapittel 5.3 i detaljplanen og vedlegg 1 arealbrukskart. Korridorar for køyrespor gjer auka fleksibilitet for anleggsarbeida. Det er fyrst når anleggsarbeida er i gong at entreprenør og andre som arbeidar med prosjektet vert kjende med terrenget. Då er det lettare å vurdere kva for traséar som gjer minst inngrep og terrengskadar innanfor ein definert korridor.

NVE godkjenner søkte korridorar for køyrespor. Det forutsetjast at de innanfor kvar korridor brukar det køyresporet som gjer færrest mogleg negative verknadar i terrenget, at de så langt som mogleg bruker det same køyresporet, og at de merkar køyrespor for å unngå viftekyring. Eventuelle blaute køyrespor forsterkast utan ugrunna opphald.

6.3.2. Arrondering og istandsetjing

Glitre Nett AS skriv i kapittel 6.6 i detaljplanen om massehandtering og istandsetjing. Det er viktig å få til overgangar som er så like terrenget rundt som mogleg. Fyllingar skal settast med finare masser under toppmassar, slik at toppmassar ikkje vaskast ned i hol mellom sprengstein og skrotmassar ved regnskol. Toppmassar skal ikkje klappast, men leggjast rufsete tilbake for naturleg revegetering.

Statsforvaltaren i Agder skriv i sitt høyringsfråsegn at behov for ein matjordsplan bør vurderast. Kristiansand kommune skriv i sitt høyringsfråsegn at mellombels bruk av dyrka og dyrkbar jord kan aksepterast, men med forbehold om at det vert stilt krav om utarbeiding av ein matjordsplan som skal godkjennast av kommunen. Glitre Nett AS skriv i sine kommentarar til høyringsfråsegna at dei vil utarbeide ein matjordsplan for dei areala som ligg på innmark, og at denne skal godkjennast av kommunen. NVE legg dette til grunn og vurderer at Glitre Nett AS har svara ut innspel om matjordplan.



6.3.3. Mellombels opprusting av anleggsvegar

I konsesjonens post nr. 11 er det sett følgjande vilkår om tilbakeføring av vegar:

I forbindelse med tiltaket har Glitre Nett skrevet i søknaden at de har behov for opprustning av eksisterende veier, men at dette er å regne som midlertidige tiltak. NVE stiller vilkår om at disse veiene skal tilbakeføres etter anleggsperioden.

Det går fram av kapittel 5.3 og 6.3 i detaljplanen at det vil vera behov for mellombels opprusting av nokre av dei private vegane som vil varte brukt. I e-post av 15. september 2023 skriv Glitre Nett AS at det er behov for mellombels opprusting av ein traktorveg/skogsbilveg frå Klepland og inn til leidningstraséen, og for å opparbeide ei avkøyring mot gamle E39 ved Fidjan. I detaljplanen skriv de at opprusting ikkje skal føre til standardheving med omsyn på vegklasse. De skriv derimot ikkje om tilbakeføring av mellombels opprusta vegar.

NVE sett derfor vilkår om at Glitre Nett AS skal tilbakeføre alle mellombels opprusta vegar innan avslutning av anleggsarbeida. Dersom grunneigar ynskjer å behalde vegstandarden ut over anleggsperioden må dette søkast om til rette vegmyndigheit.

6.4. Naturmangfald

I behandlinga av detaljplanen har NVE handtert sensitiv informasjon om naturmangfald, til dømes sårbare fugleartar. I godkjenninga har me vurdert korleis desse artane er varetekne, og vedtaket er formulert slik at sensitiv informasjon ikkje kjem fram av dokumentet. Dette har me gjort for å kunne gje fullt innsyn i sjølve godkjenningsvedtaket.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova § 8 til 12 er vurdert i konsesjonsbehandlinga i NVE sitt notat «Bakgrunn for vedtak».¹⁰ I arbeida med detaljplanen har Glitre Nett AS sendt førespurnad om oppdatert informasjon frå Statsforvaltaren i Agder og Norsk ornitologisk foreinings lokallag. I tillegg har Glitre Nett AS på nytt gått gjennom offentlege databasar som Naturbase og Artskart.

NVE har gått gjennom opplysningar om naturmangfald med egne søk i databasane Naturbase og Artskart den 28. februar 2025. Me finn at det førekjem verdsette naturtypar og artar i eller nært ved trasé som ikkje kjem fram i detaljplanen, til dømes område med gammal fattig edellauvskog aust for kvislevann (Krosseigåsen, VKU-NINFP2310143968) og søraust for Heftetjønn ved Rosseland (Renna S 1, VKU-NINFP2210075256).

NVE konstaterer eit behov for å tydeleggjere i kva grad verdsette naturtypar og artar som er framkomne sidan konsekvensutreiinga (februar 2022 kjem i konflikt med kraftleidningen og korleis de skal vareta desse. NVE setter derfor vilkår om at Glitre Nett AS før oppstart av anleggsarbeida skal sende NVE ei oppdatert vurdering for nye registreringar av verdsette naturtypar og artar sidan februar 2022 som kan kome i konflikt med tiltaket og kor vidt det er behov for avbøtande tiltak. De treng ikkje inkludere naturtypar og artar allereie omtala i detaljplanen sitt kapittel 4.3 om de vurderer det som

¹⁰ NVE-ref.: 202210007-44



står der tilstrekkeleg. NVE legg til grunn for godkjenninga av detaljplanen at Glitre Nett AS oppdaterer arealbrukskart med omsyn til naturmangfald før oppstart av anleggsarbeida.

6.5. Fugleavvisarar

I anleggskonsesjonen er det i post nr. 14 sett følgjande vilkår om merking med fugleavvisarar:

Topplinen på ledningen skal merkes med fugleavvisere ved kryssing av Songdalselva/Søgneelva og Lundeelva. Start- og stoppunkt for merkingen skal detaljeres i detaljplanen.

Glitre Nett AS skriv i detaljplanens kapittel 4.3.3.4 og 6.8.1 om planlagt merking av liner med fugleavvisarar. NVE legg dette til grunn.

NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår om merking med fugleavvisarar.

6.6. Skogrydding

I anleggskonsesjonen er det i post nr. 13 sett følgjande vilkår om skogrydding:

For å dempe direkte innsyn til kraftledningstraseen og ivareta hensynet til naturmangfoldet, skal skogrydding begrenses så langt det vurderes som hensiktsmessig. Glitre Nett bør prioritere å skåne vegetasjon på de strekningene hvor traséen krysser viktige naturtyper, der det er satt vilkår om kamuflerende tiltak og i krysningspunkter med vei, merkede turstier og nær boliger og fritidsboliger. Gjennomføring av skogrydding, herunder tilrettelegging for gjensetting av vegetasjon der dette er mulig, skal omtales i detaljplanen. Detaljplanen skal også særlig beskrive hvordan sparing av vegetasjonen mellom fritidsboligen på eiendom gnr. 610, bnr. 86 og ledningen skal gjennomføres.

Glitre Nett AS skriv i kapittel 6.5 i detaljplanen om gjennomføringa av skogrydding. Det er i detaljplanen sitt kapittel 3.1 og 3.2 søkt om mindre endringar frå konsesjonsgjeven trasé med omsyn til ivaretaking av naturmangfald og å sikre ein vegetasjonsskjerm mellom kraftleidning og fritidsbustad på eignedom gnr. 610, bnr. 86.

Statsforvaltaren i Agder og Kristiansand kommune har sendt inn høyringsfråsegn med innspel som angår skogrydding. Statsforvaltaren i Agder ber om at det vert framlagd ein oversikt over kor mykje skogsareal som er planlagd rydda i viktige og svært viktige naturtypar. Glitre Nett AS gjer i sine kommentarar til Statsforvaltaren i Agder ei oversikt over planlagd hogst i råka skogslokalitetar, men påpeikar samstundes at det ikkje er stilt krav av anleggskonsesjonen om å leggje fram dette.¹¹ Kristiansand kommune ber om at tømmer vert gjenlagd i skogen i områder kor det er utfordrande å koma til med anleggsmaskiner på ein skånsam måte. Glitre Nett AS svarer i sine kommentarar til Kristiansand kommune at dei vil søkje å etterkomme dette, gitt at det er akseptabelt for grunneigarar. NVE vurderer at Glitre Nett AS har svara ut innspela frå Statsforvaltaren i Agder og Kristiansand kommune.

¹¹ NVE-ref.: 202411592-28



NVE legg til grunn at Glitre Nett AS gjennomfører skogryddinga som beskrive i detaljplan og i samsvar med kommentar til høyringsfråsegn.¹¹ Det forutsetjast at de bruker prinsippa omtala i [NVEs veileder om skogrydding i kraftledningstraseer](#) som verktøy i forbindelse med skogryddinga, og at de inkluderer prinsippa om avgrensa skogrydding i internkontrollsystemet dykkar for å sikre at dette vert vareteke gjennom driftsfasen.

NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår om skogrydding.

6.7. Naturfare

Glitre Nett AS skriv i kapittel 4.9.1 i detaljplanen om naturfare, og viser til at risiko og fysiske tiltak er beskrive i konsesjonssøknaden og oppfølgande undersøkingar utført av Norconsult i 2023 og 2024. Det kjem fram av detaljplanen at Glitre Nett AS har hatt ingeniørgeolog for å undersøke tilstand for utpeika lokalitetar med behov for oppfølging. Oversikt over vurderingar og behov for tiltak for master innanfor aktsemdsområde for naturfare er vist i tabell 4-2 i detaljplanen.

NVE minner om at det er konsesjonær sitt ansvar at planleggings-, anleggs- og driftsfasen tek høgde for den reelle naturfaren, og at anlegget ikkje aukar faren for skred eller flaum for tredjepart. Me forutsett at de følg anbefalingar gitt i fagnotata for vurdering av områdestabilitet, grunn- og bergforhold¹². NVE legg til grunn for godkjenninga av detaljplanen at Glitre Nett AS gjennomfører naudsynte tiltak for å ivareta tryggleiken og at de følg [Normaler for landbruksveier](#) ved etablering av stikkrenner, grøfter mv. Ved opparbeiding av areal som til dømes riggplassar og vegar er det viktig å treffe naudsynte tiltak for å unngå endring av hydrologiske forhold.

6.8. Kulturminne

I anleggskonsesjonen er det i post nr. 10 sett følgjande vilkår:

Konsesjonæren skal avklare undersøkelsesplikten etter kulturminneloven § 9 før detaljplanen blir godkjent.

Glitre Nett AS skriv i kapittel 4.4 i detaljplanen om kulturminne og kulturmiljø, at det i samsvar med § 9 i kulturminneloven vart utført arkeologiske registreringar i planområdet i perioden 13. juni 2023 til 10. oktober 2023. Det vart ikkje gjort nokre nye funn av automatisk freda kulturminne.

Kristiansand kommune og ein grunneigar har sendt inn høyringsfråsegn med innspel som angår kulturminne og kulturmiljø. Kristiansand kommune ber om at særleg omsyn vert teke for kulturminne, friluftsliv og natur i områda ved Straisvann, Kvislevann og Grauthelleren. Kristiansand kommune vektlegg særleg viktigheita av å minimere tungtrafikk på Gamle Mandalsvei/Postveien, at riggplass 8 er ugunstig med omsyn til kulturminneforvaltning, samt at riggplass 42 er plassert på eit automatisk freda kulturminne og derfor anbefalast fjerna. Ein grunneigar ber om at det ved riggplass 33 vert teke omsyn for kulturmiljøet ved ein låve i Hellersdalen. Glitre Nett AS svarer i sine kommentarar til høyringsfråsegna at dei vil etterstreve å imøtekome desse innspela i den

¹² NVE-ref.: 202411592-37



grad det er mogleg.¹³ Riggplass 42 er teke ut av detaljplanen, og det vil verte forsøkt å kome til einigheit med grunneigar av området i Hellersdalen om omsynsavstandar til låven. NVE legg dette til grunn og vurderer at Glitre Nett AS har svara ut innspela frå Kristiansand kommune og grunneigaren.

NVE minner om at kulturminne som ligg i eller tett på tiltaket må merkast fysisk i felt før anleggsstart, slik at dei ikkje vert skada i forbindelse med anleggsarbeida. NVE sett som vilkår at de merkar kulturminna med eit materiale som ikkje forvitrar. Dette er for å redusera risikoen for at materialet endar som søppel i naturen. I tillegg er det ein fordel om kulturminne vises i digitale kart som entreprenørane bruker i maskinane sine.

NVE legger til grunn at undersøkingsplikta etter kulturminnelova § 9 er avklart og har ingen vidare innvendingar til tiltaka beskrive.

6.9. Kamuflering

I anleggskonsesjonen er det i post nr. 16 sett følgjande vilkår om kamuflering:

Kraftledningen skal bygges med master i mørk brun farge. Endelig områdeavgrensning, farge- og komponentvalg skal legges fram i ovennevnte detaljplan.

Glitre Nett AS skriv i kapittel 5.1.3 i detaljplanen om mastetype, materialbruk og fargesetting. Det kjem fram at master av både stål og kompositt skal fargesetjast med ein brunleg farge (fargekode RAL8028), med unntak av master i stål ved kryssing av gamle E39 ved Tangvall som skal fargesetjast med raudt og kvitt med omsyn til flytrafikk. Sjå også detaljplanens vedlegg 1 arealbrukskart for oversikt over type master og materialbruk.

NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår om kamuflering.

6.10. Forureining

Grunneigar/nabo Øyvind Bergstøl har sendt inn høyringsfråsegn med innspel om fare for forureining av drikkevassbrønn (gnr. 606/3). Bruker av brønnen er bustad i Bergstølvegen 9 (gnr. 606/11). Glitre Nett skriv i sine kommentarar til høyringsfråsegn at transportløypa er lagt om for å kome lengre bort frå brønnen.¹³

I e-post av 30. januar 2025 skriv Øyvind Bergstøl til NVE at sjølv om Glitre Nett AS no har valt å ikkje leggje anleggsvegen over hans eigedom, er han framleis bekymra for at avrenning frå linjetraséen vil forureine drikkevassbrønnen til bustaden i Bergstølvegen 9. Glitre Nett AS kommenterte på dette i e-post av 17. mars 2025 kor de greier ut om flytting av åtkomsttrasé til riggplass (R1), slik at både leidningstrasé og åtkomsttrasé no går på andre sia av ein rygg i terrenget og at de med dette vurderer at transport og arbeid ikkje medfører nokon stor risiko for nemnde drikkevassbrønn. Det vert også påpeika at nemnde drikkevassbrønn ligg i ryddegata til dagens 110 kV og 22 kV kraftleidningar og at det ikkje har vore nokre tilbakemeldingar om problem knytt til dette. Vidare skriv de at de vil følge

¹³ NVE-ref.: 202411592-28



opp med vassprøvetaking av nemnde drikkevassbrønn for å sikre at det ikkje skjer ei redusering av vasskvaliteten i brønnen som følgje av anleggsarbeida.

NVE vurderer at Glitre Nett AS har svara ut innspela frå grunneigar/ nabo Øyvind Bergstøl i kommentarar til høyringsfråsegn og seinare e-post av 17. mars 2025.¹⁴¹⁵ Me minner om Glitre Nett AS sitt ansvar ovanfor tredjepart og legg til grunn for godkjenninga av detaljplanen at Glitre Nett AS gjennomfører naudsynte tiltak om det ved vassprøvetakinga viser seg at vasskvaliteten vert redusert som følgje av anleggsarbeida.

6.11. Riving av eksisterande anlegg

I anleggskonsesjonen er det i post nr. 17 sett følgjande vilkår om riving av eksisterande anlegg:

Følgende kraftledninger skal fjernes innen to år etter idriftsettelse av den nye 110 (132) kV-kraftleidningen Kulia-Leire: 110 kV Kulia-Leire.

Det skal lages en plan for rivingen av ledningene. Planen skal forelegges NVE før arbeidene igangsettes, og den kan inngå i detaljplanen.

Glitre Nett AS har i kapittel 5.5 og 6.7 i detaljplanen laga ein plan for riving av eksisterande 110 kV leidning; sjå også detaljplanen sitt vedlegg 1 arealbrukskart. NVE legg til grunn at Glitre Nett AS nyttar prinsipp beskrive detaljplanen for gjennomføring av rivingsarbeidet. Me forutsett også at de nyttar tiltaksplanen for framande artar, jf. krav for godkjenning av detaljplanen, kap. 6.2.6.

Me kan ikkje sjå at riving av mastepunkt ved Lunde og innføringa til Leire transformatorstasjon er omtala i fagnotata for vurdering av områdestabilitet, grunn- og bergforhald som de viser til i detaljplanen. NVE sett derfor vilkår om at Glitre Nett AS i forkant av rivingsarbeida skal dokumentere til NVE at tiltaket kan gjennomførast med tilfredsstillande tryggleik mot områdeskred (kvikkleire) ved Lunde og innføringa til Leire transformatorstasjon, utan å auke faren for tredjepart.

6.12. Sluttrapport

NVE har av 9. januar 2025 endra prosedyre for sluttrapportering.

Det er ikkje naudsynt å senda ein sluttrapport til NVE for avslutting av anleggsarbeida.

Me viser til at vilkår tidlegare knytt til krav om sluttrapport er tilstrekkeleg vareteke gjennom internkontrollsystem for krav til miljø og landskap (IK-energi, [FOR-1990-12-07-959 § 3-7](#)), sjå også NVE sin rettleiar nr. [8/2018](#) for IK-energi.

NVE kan med heimel i energilova kapittel 10 føra tilsyn med at anlegg vert drive etter gjeldande konsesjon og vilkår, deriblant krav om internkontrollsystem for miljø og landskap.

¹⁴ NVE-ref.: 202411592-28

¹⁵ NVE-ref.: 202411592-40



Med helsing

Kristian Markegård
direktør

Anne Johanne Kråkenes
seksjonssjef

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

GLITRE NETT AS

Kopimottakarliste:

I K Våg Løypeutvalget - Trygve Bjerkås

NORCONSULT NORGE AS - Kai Nybakk

Statsbygg

STATSFORVALTEREN I AGDER

NYE VEIER AS

AGDER FYLKESKOMMUNE

KRISTIANSAND KOMMUNE

Helge Krüger

Roar Tønnessen

Jorun Camilla Krüger

Einar Lægreid

Audun Aas

Øyvind Bergstøl



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.